



Vurdering for utvikling

Rapport



Veke 12 2023

Tema: Dysleksivenleg skule

Stad og dato: Askvoll 22.03.23

Anne Erstad

Aud Wesenlund Ødejord

Innhald (er automatisk)

1. Føreord	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om skulen og val av vurderingstema	4
3.1 Fakta om skulen	4
3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema	4
3.3 Arbeidet med utvikling av framtidsbilete	4
4. Frå vurdering til endring av praksis	5
5. Framtidsbilete Atløy skule	6
	7
6. Vurderingar	7
Kvalitetsmål: Elevane	7
Kvalitetsmål: Personalet/tilsette:	8
Kvalitetsmål: Foreldra	9
Kvalitetsmål: Organisasjonen	12
	14
7. Spørsmål til refleksjon	15
8. Vidare arbeid	15
Deltakarar i vurderinga	16
Tidsbruk	16
Metodar	16
Samtaleguidar og skjema	17

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene» (Opplæringslova 2015 § 2.1).

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen» (Rammeplan 2017, s. 38).

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen/skulen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen/skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad:

<https://www.fjaler.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/hafs-oppvekst/> om lag ein månad etter vurderinga.

Mars 2023

Stig Engen
Regionleiar

2. Oppsummering

Atløy skule er i starten av eit utviklingsarbeid med sikte på å bli godkjent som dysleksivenleg skule. Dei tilsette har lest faglitteratur og saman med leiinga utarbeid rutinar for kartlegging og undersøking av leseferdigheitene til elevane. PPT er involvert i arbeidet og har jamleg kontaktdagar på skulen. Skulen ønskjer eit tett samarbeid med heimane om lese- og skriveopplæringa og støtte til elevar som strevar.

Vår oppgåve har vore å sjå på korleis dei ulike tiltaka er sett i verk og kva som kan bli betre. Elevane tek til seg hjelpemidla og er kompetente på dei. Elevar med lesevanskar skil seg ikkje ut frå dei andre. Dei ser nytte av hjelpemidla og vel å bruke dei. Dei tilsette jobbar med nye metodar for lese- og skriveopplæring og bruk av appar til støtte for elevane og undervisninga. Elevane opplever at dei tilsette kan verktøya i ulik grad. Dei tilsette har rutinar for kartlegging og oppfølging med tiltak, men vi trur det manglar noko systematikk i arbeidet. Skulen har nok utstyr, men det kan vere tekniske problem. Dei føresette er nøgd med skulen si satsing, men saknar meir rettleiing og kunnskap om tiltaka.

Skulen treng ressursar for å fullføre arbeidet på ein god måte. Noko på det tekniske, og mest på tid til opplæring av heile personalet og tid til å tilpasse til kvar enkeltelev.

3. Fakta om skulen og val av vurderingstema

3.1 Fakta om skulen

Skuleåret 2022-23 er det 45 elevar ved Atløy skule, frå 1.-7. årssteg. Skulen har dette året firedeling, der 1. og 2. går i lag, 3. for seg, 4.og 5. i lag og 6.og 7. i lag. Ved skulen arbeider det 10 pedagogar, ein vikar- på - topp og fire assistentar. Skulen ligg vegg-i-vegg ved Nipa barnehage med flott utsikt mot fjord, hav og fjell!

3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema

Skulen har hatt låge resultat på kartleggingsprøver knytt til lesing over fleire år. Våren 2022 valde skulen å jobbe for å bli "Dysleksivenleg skule" etter at alle pedagogane las «Dysleksi håndboka for lærere» av Åsne Midtbø Aas. Etter å ha lese boka utvikla rektor i samarbeid med pedagogane mål for utviklingsplanen, henta frå boka og Overordna Del i Kunnskapsløftet.

"Utviklingsplan for Atløy skule" er ein dynamisk plan som evaluerast, justerast og oppdaterast med jamne mellomrom i fellesmøte med dei tilsette. Måla i framtidsbilete for skulevurderinga er henta frå denne Utviklingsplanen og frå «Rutine for å forebygge-, avdekke- og følgje opp lese- og skrivevanskar».

3.3 Arbeidet med utvikling av framtidsbilete

Framtidsbilete er gjennomgått i to omgongar på personalmøte, der ein gangen var med Anne Erstad. Framtidsbilete er delt med FAU og SMU/SU i forkant av skulevurderinga.

Vegen mot dysleksivenleg skule tar tid, men vi vonar at vi er klare å søke om å bli sertifisert innan våren 2024. Vi ser på skulevurderinga som er eit godt «evalueringsverktøy» på kvar vi er i prosessen.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehage- og skulevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen og skulen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blick frå to «likemenn» som kjem til barnehagen eller skulen for å observere og snakke med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen eller skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern vurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen/skulen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen eller skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen/skulen/oppvekstsenteret sitt ansvar å følge opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehage- og skuleeigaren og regionen.

Meir om ekstern vurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)



5. Framtidsbilete Atløy skule

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller skulen sine eigne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og skulen, og til slutt godkjende av skulen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Elevane: Elevar som strevar med lesing og skrivning blir fanga opp og får støtte.	<ol style="list-style-type: none">1. Alle elevane opplever meistring i lese- og skrivearbeidet sitt.2. Alle elevane har kjennskap til og kan bruke lese- og skrivestøtte teknologi.3. Elevar med dysleksi bruker aktivt lese- og skrivestøtte-teknologi.
Personalet: Dei tilsette fangar opp elevar som dei mistenker har dysleksi og set i gang tiltak, jamfør rutina.	<ol style="list-style-type: none">1. Dei tilsette skal ved mistanke om lese- og skrivevanskar kartlegge eleven.2. Dei tilsette set inn tiltak dersom eleven treng støtte til lesing og skrivning.3. Dei tilsette gir elevar som har påvist dysleksi opplæring i korleis bruke kompensatorisk tiltak.
Føresette: Føresette opplever at borna får tilpassa skrive- og lesearbeid, og at skulen tek grep dersom ein mistenkjer lese- og skrivevanskar	<ol style="list-style-type: none">1. Førsette opplever at lese- og skrivearbeid er tilpassa nivået til deira barn .2. Førsette til elevar som strevar med lesing og skrivning erfarer at skulen og PPT avdekka vansken og sette inn høvande tiltak.3. Alle førsette har fått informasjon om kva verktøy og kartlegging skulen og elevane bruker
Organisasjonen: Skuleeigar og rektor jobbar systematisk for å sikre at det er kompetanse og gode rammer for å forebygge, avdekke og følgje opp elevar med dysleksi.	<ol style="list-style-type: none">1. Rektor og PPT har laga og gjort kjent rutine om korleis forebygge, avdekke og følgje opp elevar med dysleksi.2. Rektor, skuleeigar og PPT legger til rette for kompetanseheving om dysleksi i profesjonsfellesskapet.3. Rektor syter for at det blir gitt opplæring i kompensatoriske tiltak i form av skrive- og lesestøtte teknologi, samt korleis elevar, tilsette og førsette kan bruke desse.4. Rektor og skuleeigar syt for at teknologien er på plass, slik at det er lett å bruke lese- og skrivestøtte teknologi for elevar og tilsette.



6. Vurderingar

Kvalitetsmål: Elevane

Elevar som strevar med lesing og skrivning blir fanga opp og får støtte.

1. Teikn på god praksis: Alle elevane opplever meistring i lese- og skrivearbeidet sitt.

God praksis:

I samtale med elevane svarar dei i stor grad at dei opplev meistring i lese og skrivearbeidet sitt. Dei peikar på at dei jamt og trutt øver på lesing og skrivning på ulike måtar og i fleire fag. Elevane fortel om lesing kvar dag og at dei les av og til på skjerm og av og til på papir. Dei skriv i fleire fag, og dei seier at det er meir arbeid å skrive på papir enn på data. Dei fortel og at dei får den hjelpa dei treng, sjølv om nokre meiner at det av og til er litt lenge å vente på hjelp.

Praksis som kan bli betre:

Fleire elevar seier at dei har hatt lesetest før jul og at det kanskje var nasjonal prøve i lesing. Slik dei opplev det er det skjeldan dei har slike testar.

2. Teikn på god praksis: Alle elevane har kjennskap til og kan bruke lese- og skrivestøtte teknologi.

God praksis:

Elevane fortel om dei ulike hjelpemidla dei har og korleis dei brukar for eksempel into words og google lens. Dei seiar at alle får som regel lov til å bruke desse hjelpemidla, men at dei må spørje læraren først. Dei har fått opplæring i å bruke lese og skrivestøttande teknologi, men ofte kan dei meir enn lærarane.

Praksis som kan bli betre:

Elevane fortel at det hender at utstyr ikkje virker, program heng litt og dei får ikkje lyd når dei skal ha det.

3. *Teikn på god praksis: Elevar med dysleksi bruker aktivt lese- og skrivestøtte-teknologi.*

God praksis:

Elevane fortel om korleis dei brukar skrivestøttande teknologi både til lesing og skriving. Vi observerer at det er trygge rammer for å seie at ein treng ekstra hjelp og at alle aksepterer at det er ulikt kven som treng hjelp.

Praksis som kan bli betre:

Fleire elevar peikar på at det er litt ulikt kor mykje dei vaksne kan og at nokre er betre på å bruke lese og skrivestøttande teknologi enn andre.

Kvalitetsmål: Personalet/tilsette:

Dei tilsette fangar opp elevar som dei mistenker har dysleksi og set i gang tiltak, jamfør rutina.

1. *Teikn på god praksis Dei tilsette skal ved mistanke om lese- og skrivevanskar kartlegge eleven.*

God praksis:

Alle tilsette melder om at dei er meir medvitne om kva dei skal sjå etter som kan indikere lesevanskar. Når dei får mistanke blir denne delt med kontaktlærer og på teamet.

Praksis som kan bli betre:

Det er uklart om dei tilsette føler rutinane ved mistanke. Dei testar og tilpassar men vi høyrer lite om dokumentasjon og planmessig arbeid.

2. *Teikn på god praksis: Dei tilsette set inn tiltak dersom eleven treng støtte til lesing og skriving.*

God praksis:

Dei tilsette kjenner til ulike testar og er flinke til å involvere lærar med spes.ped ansvar. Denne har også fått avsett ekstra tid til oppfølging og sjølvstudie. Spes.ped.lærer gjennomfører kartleggingar og opplæring med elevar og føresette, og intensivkurs med elevar både i undersøkingsfasen og seinare.

Skulen kjøper inn det dei treng av utstyr, både datautstyr, lettlestbøker, læreverk til lese- og skriveforståing. Vi har sett bruk av mange og diverse hjelpemiddel i klasseromma.

Skulen bruker STL+ og iMal som metodar som tek i bruk fleire sansar som skal vere bra for elevar med lese- og skrivevanskar.

Praksis som kan bli betre:

Nokre tilsette, spesielt assistentar meiner dei har fått for lite opplæring, og at det er vanskeleg å få tid til å lese seg opp. Det gjeld både å oppdage lesevanskar og ikkje minst opplæring i dei ulike verktøy. Vi har fått inntrykk av at det i hovudsak er assistentane som skal øve ekstra med desse elevane.

Det varierer mellom klasseromma kor mykje ein nyttar multisensorisk stimulering.



3. *Teikn på god praksis: Dei tilsette gir elevar som har påvist dysleksi opplæring i korleis bruke kompensatoriske tiltak.*

God praksis:

Alle elevane får opplæring i bruk av ulike hjelpemiddel som kan vere nyttige i framandspråk eller for å lære faguttrykk. Elevar som er i søkelyset eller har diagnose dysleksi får ekstra tid med hjelpemiddel og rettleiar.

Praksis som kan bli betre:

Tekniske problem kan gjere at ei undervisningsøkt blir amputert.

Kvalitetsmål: Foreldra

Føresette opplever at borna får tilpassa skrive- og lesearbeid, og at skulen tek grep dersom ein mistenkjer lese- og skrivevanskar


Vi har gjennomført ei spørjeundersøking som er sendt til alle heimane med ønskje om svar for kvar enkeltelev. Vi har fått inn 37 svar, som vil seie at det er begge foreldra i mange familiar som har svart og/eller at familien har svart for fleire barn/elevar.

Teikn på god praksis: 1. Føresette opplever at lese- og skrivearbeid er tilpassa nivået til deira barn .

God praksis:

Kor nøgd er du med leseopplæringa ved Atløy skule?

37 responses




Foreldra opplever at lese- og skriveopplæringa er tilpassa nivået til den enkelte elev svært god 27% eller godt 46%.

Dei meiner at leseopplæringa blir gitt i dei fleste eller alle fag.

Alle elevane er inkluderte i klassemiljøet uavhengig av lese og skrivevanskar melder 54% av dei føresette og ytterlegare 40% meiner dei er inkludert i nokon grad.


Får eleven lese- og skriveopplæring i alle fag?

37 responses



Er elevar med lesevanskar inkludert i klassemiljøet?

37 responses




Også i forhold til leksene oppgir 100 % av dei føresette at dei er tilpassa nivået til den enkelte eleven. I kommentarane blir dette moderert, foreldra tek ofte kontakt om betre tilpassing eller reduksjon, tilpassinga blir då gjort. Det kan vere forskjell mellom ulike lærarar kor flinke dei er til å tilpasse.

Praksis som kan bli betre:

Føresette seier at elevane les lite i heimen, i hovudsak 0-20, eller 20-40 minutt pr. veke. Det er delte meiningar om skulebiblioteket. Det kan sjå ut som at dei som les mykje er mindre nøgd med biblioteket. Det kan også være at biblioteket ikkje dekker nokre særinteresser.

Har skulen eit godt og variert tilbod av bøker og lydbøker?

37 responses



Teikn på god praksis: Føresette til elevar som strevar med lesing og skrivning erfarer at skulen og PPT avdekka vansken og sette inn høvande tiltak.

God praksis:

Dei fleste foreldre seier at lese- og skriveopplæring er tema på foreldresamtale minst to gongar i året. Dei er informert om ulike verktøy som er i bruk og har fått tilbod om opplæring.

Praksis som kan bli betre:

Dei føresette trur at skulen har nødvendig utstyr og kompetanse (38 %) men dei fleste svarer «veit ikkje».

Teikn på god praksis: Alle føresette har fått informasjon om kva verktøy og kartlegging skulen og elevane bruker

God praksis:

73 % melder om at lese- og skriveopplæring er tema på foreldremøte. Dei fleste (89%) trur at skulen har systematisk oppfølging.

Praksis som kan bli betre:

Det er kome inn 13 svar på opplæring/retteleing i bruk av verktøy. Dette er sannsynlegvis frå dei føresette som har barn med lese- og skrivevanskar. Her er det ulike verktøy som er nemnd, Teams, webinar.

Kvalitetsmål: Organisasjonen

Skuleeigar og rektor jobbar systematisk for å sikre at det er kompetanse og gode rammer for å forebygge, avdekke og følgje opp elevar med dysleksi.

- 1. Teikn på god praksis: Rektor og PPT har laga og gjort kjent rutine om korleis forebygge, avdekke og følgje opp elevar med dysleksi.*

God praksis:

Vi ser av materiale vi har fått tilsendt at det er laga rutinar for korleis skulen skal jobbe for å avdekke og følgje opp elevar med dysleksi. I samtale med dei tilsette får vi og til svar at det er eit tett samarbeid innan teama og at dei nytar teamtid til å diskutere einskildelevar og korleis jobbe vidare der det er mistanke om eller påvist lese og skrivevanskar.

Nokre fortel og om rutinar for å registrere kva dei har gjort av tiltak og kartlegging slik at alle er kjent med det både dei som jobbar med elevane no og dei som skal ha dei vidare.

Praksis som kan bli betre:

Det kjem fram at det framleis er ein veg å gå for at alle skal ha lik praksis. Praksisen er todelt, først korleis dei kartlegg elevane og så korleis ein jobbar vidare systematisk med oppfølging. Her får vi inntrykk av at det kan være ulik praksis, og at dei rutineane som er laga ikkje alltid vert fylgt.

Dei føresette peikar og på at dei treng meir kunnskap for betre å kunne samarbeide med skulen i arbeidet med å fylje opp elevar.

- 2. Teikn på god praksis: Rektor, skuleeigar og PPT legg til rette for kompetanseheving om dysleksi i profesjonsfellesskapet.*

God praksis:

Dei tilsette peikar på det grundige arbeidet som er lagt ned i samband med å setje seg inn i korleis ein kan avdekke lese og skrivevanskar. Dei har jobba godt med å diskutere utfordringane dei kan møte både kvar for seg og i gruppearbeid (IGP). Leiinga har satt inn nok ressursar i arbeidet med å fylje opp elevar som treng det i samband med lese og skrivevanskar.

Leiinga legg til rette for systematisk arbeid med å kartlegge elevar med teikn på lese og skrivevanskar.

Praksis som kan bli betre:

I intervju kjem det fram at det kunne vore betre kontinuitet i overgangar ved bruk av personale. Nokre av dei tilsette peikar på at dei brukar mykje tid på å differensiere undervisninga til elevar som treng litt ekstra og at dei hadde hatt bruk for meir tid til dette.

I teikn på god praksis som skulen har som mål står det at rektor, skuleeigar og PPT er dei som legg til rette for kompetanseheving. Vi har ikkje i samtalanene registrert at skuleeigar og PPT er støttespelarar i dette.

- 3. Teikn på god praksis: Rektor syter for at det blir gitt opplæring i kompensatoriske tiltak i form av skrive- og lesestøtte teknologi, samt korleis elevar, tilsette og føresette kan bruke desse.*

God praksis:

I samtale med dei tilsette seier dei at alle har vore med på opplæring i starten av arbeidet, og fleire fortel at dei har vore på ulike kurs i bruk av skrive og lesestøttande teknologi.

Praksis som kan bli betre:

I samtalanene kjem det fram at nokre tilsette saknar meir opplæring for å bli tryggare i bruk av kompensatoriske tiltak. Nokre elevar peikar og på at det er ulik kompetanse hos dei tilsette. Dei føresette peikar og på behov for meir opplæring og informasjon.

4. *Teikn på god praksis: Rektor og skuleeigar syt for at teknologien er på plass, slik at det er lett å bruke lese- og skrivestøtte teknologi for elevar og tilsette.*

God praksis:

Det er sett av midlar til utstyr og elevane frå 1.-3. har ein til ein ipad, og 4.-7. har ein til ein pc. Det er og set av midlar til den programvara som trengs for å ta i bruk lese og skrivestøttande teknologi. Dei tilsette peikar å at Imal og STL+ støtter opp under kvarandre og bruk av Dragonbox i matematikk er og ein arbeidsmetode som gjev rom for vid differensiering.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette peikar på at det til tider er utfordringar med lyd på ulike headset, og at nokre program ikkje «snakkar saman». (Book creator /word)



7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Systematisk arbeid	Analyse av kartleggingar og nasjonale prøver i heile kollegiet for å sikre gjennomgåande kvalitet i opplæringa. Rutinane knytt til dysleksivennleg skule må setjast i system.
Bruk av fagarbeidar/assistent	Ved overgang: Der det er mogleg bør fagarbeidar/assistent fylje klassen om kontaktlærer byttes ut. Vurdere om det alltid er rett at det er fagarbeidar/assistent som skal fylje opp elevar med ekstra behov. Bør det når klassen har fått oppgåver heller være faglærer som gjer dette?
Samarbeid skule-heim	Være tydeleg på kva hjelpemiddel ein nyttar som alle treng å kjenne til, til dømes i leselekse/trening heime. Tettare samarbeid med dei som treng det, gjerne ein til ein samtale/samarbeid med dei heimane?
Involvering av skuleeigar og PPT	Kan ein i fleire høve nytte PPT til kompetanseheving? Korleis kan ein involvere skuleeigar i arbeidet med å bli ein dysleksivennleg skule?

8. Vidare arbeid

Innan ein måned etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein måned etter vurderinga skal barnehage/skulenn ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehage/skule rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane/skulane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentlig, men som er overlevert styrar/rektor. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato: 22.03.2023

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Anne Erstad

Aud Wesenlund Ødejord

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Lærarar, elevar og assistentar ved skulen, og organisasjonen.

Eksterne: Anne Erstad og Aud Wesenlund Ødejord

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen/skulen. I små barnehagar/skular kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Tidsplan for heile prosessen;

Veke 3:	førmøte	Anne, Aud, Harriett	Lage framdriftsplan
Veke 4-7	Utkast framtidsbilde	Harriett	Frist 17.2.
	Presentasjon ekstern vurdering	Harriett og Britt Helen	
Veke 8	Innspel til framtidsbildet	Aud, Anne	Telefonmøte 26.2.
Veke 9	Drøfting av framtidsbilde med vurderarane	Aud- teams, Anne, Harriett + personalet	28.2.
Veke 10	Endeleg framtidsbilde	Harriett	Frist 10.3.
Veke 11	Spørsmålsguider og spørjeundersøking	Anne, Aud	Harriett må sende ut undersøkinga seinast 17.3.
	Skrive omtale av skulen og val av tema	Harriett	Innan 21.3.
Veke 12	Ekstern vurdering	Alle	Rapport presentasjon 22.3. kl. 14:30

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Påstandsskjema

Observasjon

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i skulen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for elevar:

Kvalitetsmål:

Elevar som strevar med lesing og skrivning blir fanga opp og får støtte.

Teikn på god praksis:

Alle elevane opplever meistring i lese- og skrivearbeidet sitt.

1. Kan du fortelje litt om korleis du jobbar med lesing og skrivning på skulen?
Korleis opplever du at du får ting til?
Får du den hjelpa du treng når du står fast?
Korleis hjelper læraren deg?
2. Er det noko som du opplever er meir vanskeleg enn anna?
 - a. I skrivning
 - b. I lesing
3. Kva slags tilbakemelding framovermelding får du på lesing og skrivning?
 - a. Er det noko du saknar i samband med leseopplæring?
 - b. Er det noko du saknar i samband med skriveopplæringa?

Teikn på god praksis:

Alle elevane har kjennskap til og kan bruke lese- og skrivestøtte teknologi.

1. Kjenner du til at skulen har lese og skrivestøttande teknologi?
 - a. Kan du fortelje litt om kva det er?
 - b. Brukar du slik teknologi, skriverammer, skrivestøtte, ulik hjelp til rettskriving, tankekart m.m. (skrive på pc, framfor med hand?)(AppWriter, CD-ord, IntoWords, Lingdys og Textpilot)
 - c. Brukar du slik teknologi i lesing, får teksten lest for deg digitalt m.m.?
 - d. Virker utstyret alltid?
 - e. Er lærarane flinke til å bruke teknologien/tavlene?

Teikn på god praksis:

Elevar med dysleksi bruker aktivt lese- og skrivestøtte-teknologi.

1. Disse spørsmåla stiller vi berre til dei som har dysleksi.
2. Brukar du hjelpemiddel når du skriv og les?
 - a. Kan du fortelje litt om korleis du gjer det?
 - b. Kan du si noko om dette er bra nok og om du føler det hjelper deg?
 - c. Brukar du slike hjelpemiddel heile tida, eller er det berre av og til?
 - d. Kven er det som avgjer om du brukar det?

Er alle lærarane flinke til å hjelpe med lesing og skriving, i alle fag?
Kor ofte har de lesetestar?

Samtaleguide for foreldra:

Spørjeundersøking Atløy Tema «dysleksivennleg skule»

- 1 Kva klasse går din elev i? skala 1-7
- 2 Kor nøgd er du med leseopplæringa ved Atløy skule? Skala 1-4
- 3 Kor mykje les elevane pr. veke heime? 0-20, 20-40, 40-60, >60 minutt
- 4 Får elevane leseopplæring i alle fag? I alle, i dei fleste, i nokre, berre i norsk
- 5 Blir føresette ofte informert om leseutviklinga til elevane? >2*/år, 2*/år, 1*/ år, aldri
- 6 Har skulen eit variert utval av bøker og lydbøker? Ja/nei
- 7 Følg skulen systematisk opp elevane si leseutvikling? Ja/nei
- 8 ER lesing tema på foreldremøte? Ja/nei
- 9 Får foreldra rettleiing (i bruk av hjelpemidde)l for leseutvikling? Ja/nei, kommentar
- 10 Har skulen nødvendig utstyr og kompetanse for å hjelpe elevar med lesevanskar? Ja, nei, veit ikkje
- 11 Er elevar med lesevanskar inkludert i klassemiljøet? Skala 1-4
- 12 Får elevane lekser på sitt nivå, blir det gjort tilpassingar for elevar med lesevanskar? Ja/nei, kommentar

Samtaleguide tilsette:

Kvalitetsmål:

Dei tilsette fangar opp elevar som dei mistenker har dysleksi og set i gang tiltak, jamfør rutina.

Teikn på god praksis:

Dei tilsette skal ved mistanke om lese- og skrivevanskar kartlegge eleven.

Kva skal du sjå etter for å vurdere om ein elev har lese/skrivevanskar?

1. Kva gjer du om du har mistanke om at ein elev har lese og skrivevanskar?
 - a. Kan du fortelje litt om kva rutinar de har i slike tilfelle?
 - b. Er det tydeleg kven som har ansvaret for å kartlegge?
 - c. Kan du sei litt om kva opplæring de har fått i samband med lese og skrivevanskar?
2. Kan du fortelje litt om kva type kartlegging du gjer om du har mistanke om at ein elev har lese og skrivevanskar?Fins det eit årshjul for kartlegging? Kven har ansvaret?
3. Kan du fortelje litt om kva rutine de har i slike tilfelle?

Teikn på god praksis:

Dei tilsette set inn tiltak dersom eleven treng støtte til lesing og skriving.

(planlegge, gjennomføre evaluere, dokumentere)

1. Kan du fortelje kva tiltak det set inn om ein elev treng støtte til lesing og skriving.
2. Føler du at de kan nok om dei ulike verktøya og tiltaka som kan nyttast om ein elev treng støtte til lesing og skriving?
3. Er det tema på teamsmøter/fellesmøter kven som treng støtte til lesing og skriving?
4. Har det nok utstyr (digitale hjelpemiddel) til å setje inn tiltak?
 - a. Kan du fortelje litt meir om det?
 - b. Virker det?

Teikn på god praksis:

Dei tilsette gir elevar som har påvist dysleksi opplæring i korleis bruke kompensatorisk tiltak.

1. Jobbar de med elevar som har påvist dysleksi?
2. Korleis jobbar de med å lære elevane å bruke kompensatoriske tiltak?
3. Har alle lik praksis på det å lære opp elevar som treng det?
4. Har det fått god nok opplæring i dette til å lære det vidare til elevar som treng det?

Samtaleguide rektor:

Samtaleguide rektor

- 1 Kan du fortelle litt om det systematiske arbeidet med kartlegging og oppfølging av lese og skriveopplæringa til elevane? Er ansvaret tydeleg?
- 2 Kva er rolla til PPT, er dei støttande?
- 3 Kva gjer ein om ein har mistanke om dysleksi hos ein elev (1-5) ? Kva er tidsfrister i forløpet?
- 4 Same med elevar 6-7
- 5 Korleis er samarbeide med heimen til eleven som er under utgreiing?
- 6 Kva tilbod er det til føresette når dysleksi er påvist?
- 7 Korleis blir informasjonen formidla vidare til nestet trinn/ usteg?
- 8 korleis er kompetansen hos dei tilsette (lærarar/andre)? Kva blir gjort for å heve/halde ved like kompetansen?
- 9 korleis er samarbeideet med PPT/skulesjef om ny teknologi ein vil utprøve?

Samtaleguide spesialpedagog:

Samtale spes ped.

- 1 kva er di rolle i avdekking av l/s vanskar?

- 2 er det nokre kartleggingar du har ansvaret for?
- 3 kva skjer når ein elev får diagnose dysleksi? Kva er di rolle?
- 4 Korleis kan du jobbe med din eigen kompetanse?
- 5 Har du ansvar for lesekurs for elevar med dysleksi (grupper)? Fonologi?
- 6 Kva er di rolle under kartlegging/ igangsetjing av tiltak?
- 7 Har du nokon oppgåve i kollegarettleiing? Multisensorisk stimulering?
- 8 har du mulighet til å velje bøker til fag og bibliotek?

Observasjonsskjema

Elevar som strevar med lesing og skrivning blir fanga opp og får støtte.	
Alle elevane opplever meistring i lese- og skrivearbeidet sitt.	Alle elevane har kjennskap til og kan bruke lese- og skrivestøtte teknologi.
Elevar med dysleksi bruker aktivt lese- og skrivestøtte-teknologi.	
Dei tilsette fangar opp elevar som dei mistenker har dysleksi og set i gang tiltak, jamfør rutina.	
Dei tilsette skal ved mistanke om lese- og skrivevanskar kartlegge eleven.	Dei tilsette set inn tiltak dersom eleven treng støtte til lesing og skrivning.
Dei tilsette gir elevar som har påvist dysleksi opplæring i korleis bruke kompensatorisk tiltak.	
Leiinga	Rektor og skuleeigar syt for at teknologien er på plass, slik at det er lett å bruke lese- og skrivestøtte teknologi for elevar og tilsette.



